# Trua i og på norskfaget

KFF-webinar 02.12.21

Bruke alle anledningar til å peike på Jesus?

# Synleggjeringstillegg 1. avsnitt

**Synliggjøring av det kristne verdigrunnlaget - godkjent av Udir juni 2020**
Tekstene som elevene møter i faget vil påvirke deres dannelse og identitetsutvikling, også på det livssynsmessige området. Mer eller mindre tydelig bærer tekstene med seg et grunnleggende syn på mennesket, samfunnet og meningen med livet. Utvikling av evne til kritisk tenkning vil innebære at elevene lærer å analysere hvilke normer og verdier som formidles og å vurdere disse. Faget skal gi tilgang til tekster som gir dem positive forbilder, utvider deres horisont og skaper empati.

**Ønska frukt:**

- Danning
- Identitetsutvikling
- Kritisk-analytisk evne
- Positive forbilde
- Utvida horisont
- Auka empati

# Synleggjering 2. avsnitt

Bibelen og kristendommen generelt er grunnleggende i vår kultur. Bruk av tekster som gir innsikt i kristen tro og etikk vil derfor være viktig for kulturforståelsen. Slike tekster vil også kunne være et kritisk korrektiv til dagens majoritetskultur og bidra til at elevene blir reflekterte samfunnsborgere, med respekt for mennesker med forskjellig ståsted.

Ønska frukt:

- Innsikt i «det kristne» i kulturen
- Innsikt i kristen tru og etikk
- Auka evne til kritisk korrektiv til tidsånda
- Reflektert medborgarskap
- Respekt for andre ståstadar

# Synleggjering 3. avsnitt

Gud har gitt mennesket evner til kommunikasjon og kreativitet. Faget skal ruste elevene til å bruke språket ansvarlig, til Guds ære og til tjeneste og glede for sine medmennesker, både individuelt og på samfunnsnivå.

## Kva er ord?

# Styrk kristen språkontologi!

- *Språkevna* - sentral i gudsbildet
- Skapinga og medskapinga, med ord
- Logos – Ordet ikjøta

# Fag/tru-mål for norskfaget

a) Utruste elevane med kunnskap om bibelsk språkontologi

b) Modellere tekstanalysar basert på kristen tru og røyndomsoppfatning

c) Peike på dei kristne trådane i tegn-veven; språk, kultur og litteratur, inkl. kanaan-språket

d) Forløyse ordbrukstalent munnleg og skriftleg

# Døme på bruk av tekst som «…kritisk korrektiv til dagens majoritetskultur…»

Bibelen og kristendommen generelt er grunnleggende i vår kultur. Bruk av tekster som gir innsikt i kristen tro og etikk vil derfor være viktig for kulturforståelsen. ~~Slike tekster vil også kunne være et kritisk korrektiv til dagens majoritetskultur og~~ bidra til at elevene blir reflekterte samfunnsborgere, med respekt for mennesker med forskjellig ståsted.

Gjestekommentar

# Kven er du når du er nøytral – finst du då?



Sofie Braut
Lektor

**Å vera nøytral ligg eigentleg ikkje for erkjennande menneske, verken individuelt eller kollektivt.**

**IDEEN OM** det livssynsnøytrale samfunnet er igjen oppe med fullt trykk i det offentlege ordskiftet. Det har sine talsføre pådrivarar i folk som humanetikar Morten Horn og pressesjef i Human-Etisk Forbund Jens Brun-Pedersen. Det er interessant å lesa deira tankar om det ideelle samfunnet, men det er lett å sjå at både underteikna og mange med meg lett snublar og fell i deira finurlege grenseoppgang mellom det humanistiske og det livssynsnøytrale samfunnet.

Deira visjon er altså nøytraliteten; ei tenkt fellesplattform av det som samlar oss, det offentlege rom kledd vegg til vegg og golv til tak med felles verdiar og synsmåtar som ikkje har utslag til nokon livssynskant. Slik skal ingen oppleva å få noko tredd nedover hovudet, og alle kan ta sine personlege val når det er komne langt nok i livet til å gje seg i kast med eventuelle gudar, livssyn og filosofiar.

**SJØLV OM HUMANISTANE** stadig synast oppgitte over at folk som eg strevar med skiljet mellom det livssynsnøytrale og det humanistiske, handlar dette truleg ikkje berre om at slike som eg har så tungt for det. Det er nokre opplagde fellestrekk mellom det såkalla nøytrale og det humanistiske som unekteleg må gjera det livssynsnøytrale samfunnet mykje meir heimsleg for sekulære humanistar enn for mange andre. Ideen er jo at det felles utgangspunktet, det vi alle kan samlast om, er verdiar knytt til det ikkje-religiøse og materielt funderte.

**IDEEN OM AT VI HAR** ein felles grunn som er heilt nøytral, kan verka tilforlateleg, men er også tilslørande. Kven er det som vedtek at det er nøytralt og dermed naturleg å vera a-religiøs? Korleis er dette eit meir fruktbart utgangspunkt for å ta stilling til store eksistensielle spørsmål «på eit seinare tidspunkt»? Eit samfunn er summen av dei menneska som lever i det, og å vera nøytral ligg eigentleg ikkje for erkjennande menneske, verken individuelt eller kollektivt. Undringa ligg meir for oss, forhåpentlegvis, her vi lever omgjevne av eit kolossalt kosmos. Vi undrar oss og kjenner oss dregne mot gåtene; avteikna både i det minimale og det formidable. Kvifor nettopp du er nettopp deg, akkurat her, er eit mysterium, dermed trur vi. Og vi trur så ulikt, men trua treng uttrykk, og det må vera tillate å tru i alle rom, også det offentlege. For kven veit, slik eigentleg?

**SETT FRÅ UTSIDA** har humanistane sett seg ut eit merkeleg mandat, om lag det stikk motsette av riksantikvarens: det er som om dei har påteke seg å gjera stavkyrkjer om til sterile venterom. Gamal arv blir sparkla vekk og djupe røter vert fjerna. Men formidling innebær jo ikkje propaganda her til lands, det står vel klart for dei fleste. Det at ein har fått formidla ein kristen kulturarv diskvalifiserer neppe frå det å ta frie val om eigen livskurs, det er vel folk som Horn og Brun-Pedersen sjølv gode døme på, for ikkje å gløyma Levi Fragell, ein mangeårig leiande human-etikar med bakgrunn frå pinserørsla. Ein står fritt til å meina, tenkja og kritisera også i eit Noreg som tek var på og forvaltar ein tusenårig, kristen kulturarv.

**KVEN ER DU** forresten når du er nøytral? Finst du då?

Det er vel heller slik at vi som menneske er for samansette til berre å reduserast til forbrukarar og nøytral materie. Er det ikkje like greitt å einast om at fellesskapet må få utfalda seg og vera mest mogleg mangfaldig: den tru som lever og nedfeller seg i samfunnet, må humanisten læra å forhalda seg til, slik kristne må læra seg å leva i eit samfunn som ikkje held søndagen heilag og bannar i beste sendetid. Ein må vera ærleg på eigen ståstad i staden for å prøva å gjera denne ståstaden til allmenning. Ein må anerkjenna, protestera og artikulera alternativ der ein meiner det trengst. Det er eit ansvar som vi deler.

**MEN Å VEDTA VEKK** røtene våre og historia vår? Å klubba gjennom gudløysa som eit fellesgode for å vinna armslag for eige livssyn? Vel, det høyrest meir sneversynt ut enn intensjonen nok var frå dei som har sett trua si til nøytraliteten.

MER DEBATT
SIDE 21-23
2. DEL

**MEN Å VEDTA VEKK** røtene våre og historia vår? Å klubba gjennom gudløysa som eit fellesgode for å vinna armslag for eige livssyn? Vel, det høyrest meir sneversynt ut enn intensjonen nok var frå dei som har sett trua si til nøytraliteten.

Sofie Braut, Stavanger aftenblad, 19.05.2014

KRONIKK

# Skapkristne

Noen lurer på hvor de kristne har blitt av i den offentlige debatten. Det gjør ikke jeg.



«Om det er krevende å søke jobb med et kristent vedheng, så er det å heve stemmen i det offentlige rom et livsvarig offer. Personlig var jeg tidligere livredd for alle kristenspor jeg etterlot meg på nett», skriver kronikkforfatteren.

FOTO: DEBORAH SELBEKK LUNDE



**Karl A. Jahr**
Redaksjonsleder, Korsets Seier

Publisert 8. okt. 2017 kl. 08:16

Artikkelen er flere år gammel.

# Karl A. Jahr: «Skapkristne»



Redaksjonsleder i den kristne avisa Korsets Seier

Skrev kronikken «Skapkristne» på NRK Ytring 8. okt 2017

# Hva er hovedsynet til Jahr?
# Hvordan vurderer du Jahrs etos?



# Hva er hovedsynet til Jahr?

«Jahrs hovedsyn er at troende holder en lav profil i Norge fordi de frykter å bli stemplet i det offentlige rom. Kronikøren mener at storsamfunnet viser liten toleranse overfor kristne, og at samfunnsdebatten blir fattigere som følge av at kristne «gjemmer» seg.»



## Hvordan vurderer du Jahrs etos?

- Jahr er redaksjonsleder
- Han siterer intervjuobjekter (låner etos)
- Han framstår saklig, selvironisk og høflig

# Skrivekonkurranse

## for elever ved NLMvgs

Skriv en saktekst: essay, kronikk, fagartikkel eller debattinnlegg.

**Tema: Forvaltere**

Stikkord og tips som kan være aktuelle:

- Kall og tjeneste
- Å bety en forskjell
- Hans Nielsen Hauge som forbilde (jubileum i år)
- Miljø og  bærekraftig utvikling
- Bruk og kast-kultur
- Å ta vare på talentene (Matt. 25, 14-25)

Lever teksten digitalt til norsklæreren din.

Innleveringsfrist: Fredag 3. des. 2021.

Fine pengepremier.



# Eksempel på bibelske nedfallsfrukt i språk og kultur

Bibelen og kristendommen generelt er grunnleggende i vår kultur. Bruk av tekster som gir innsikt i kristen tro og etikk vil derfor være viktig for kulturforståelsen. Slike tekster vil også kunne være et kritisk korrektiv til dagens majoritetskultur og bidra til at elevene blir reflekterte samfunnsborgere, med respekt for mennesker med forskjellig ståsted.


18:19
66%
Innlegg
ting_som_ser_sykt_kristne_ut
Kristi Forsamling
Likt av lars.o.h og 2 704 andre
ting_som_ser_sykt_kristne_ut Da var det helg i bibelbeltet!... mer
Vis alle 69 kommentarene
14. juni 2019 • Se oversettelse


Dårlig lyssatte bilder av
TING SOM SER SYKT KRISTNE UT
Vol 1
Verk samlet av
Kristoffer Drivdal Skjæringrud


18:22
66%
ting_som_ser_syk...
Følg

# Bibelske idiom

- Skille klinten fra hveten
- Splinten i sin brors øye
- Tro som flytter fjell
- Veid og funnet for lett
- Manna fra himmelen

- Gammel og mett av dage
- Barmhjertig samaritan
- Kjenne sin besøkelsestid
- Hans dager er talte
- Tale for døve ører

Aktuelle oppgåver:

- Quiz
- Spor opp kjelda og lær rett bruk
- Finn og analyser bruk av bibelske idiom i ei novelle eller ein roman

# Sekularisert kristenspråk

- Frå «Jesus»…til «Gud»
- Frå «Gud»…til «det hellige»
- Frå «evangeliet»…til «kristne verdier»
- Frå «bønn»…til «åndelighet»
- Frå «etterfølgelse»…til «engasjement»
- Frå «Kristus…til «kristen tro»
- Frå disippelskap» …til «virksomhet»
- Frå «bekjennelse»…til «tolkning»
- Frå «synd»…til «svakhet»
- Frå «Ordet»…til «mysteriet»
- Frå «kall» og «omvending»…til «utfordring»

(Magnus Malm: *Som om Gud ikkje finnes, s.*)

Aktuell oppgåve: Tekstanalyse av samtidstekstar. Vurder grad av sekularisering. Reflekter over ordval i lys av sjanger og situasjon (kairos)

Samanlikn med eldre tekstar frå tilsvarande situasjonar.

# Skjønnlitteratur

## Tekstsamanlikning:

«Novelle» av Dag Solstad (1967)
«Livet må ha nokka meir» av Magnus Eliassen (2015)

# «Novelle»

Av Dag Solstad

Han slår ut den siste kaffeskvetten, skyller koppen, setter den fra seg. Ser over bryterne, låser døren, trekker klokkene, kler av seg, vasker seg, pusser tennene, tar på seg pyjamas, legger seg, slukker lyset.

Enda en dag er slutt.

Neste dag skjer ingenting.

Dagen etter vasker man ham.

Man bærer ham ut. Navnet hans blir oppskrevet i protokoller.

Man åpner vinduene.

Man lufter sengklærne.

En lastebil blir bestilt.

Den kommer og man bærer ut alle møblene.

Bøtter fylles med kokende vann, grønnsåpe dunster. Gulv, vegger, tak skures grundig.

Man tømmer kjøleskapet og spiskammers. Maten kastes i bøtter som blir båret ut i gården. Man vasker kaffekoppen.

Lampeskjermen i taket fjernes. Lyspæra fjernes, støpselet skrues av og fjernes. Det gjøres grundig rent rundt de utstikkende ledningene i taket.

Med et skrujern fjerner man skruene som holder navneplaten fast til døren.

Navneplaten fjernes.

Man lukker igjen vinduet. Strømmen settes på.

En lastebil kommer.

Møbler bæres inn.

Støpsel monteres rundt ledningene i taket. En lyspære skrues fast. Over pæra en skjerm.

I kjøleskap og spiskammers legges mat.

Med et skrujern settes en navneplate fast til døren.

En mann koker kaffe. Han drikker kaffe, skyller koppen etterpå. Han leser i en bok. Legger boken fra seg, gjesper. Ser over bryterne, låser døren, trekker klokkene, kler av seg, tar på seg pyjamas, legger seg, slukker lyset.

Enda en dag er slutt.

Om morgenen våkner han uthvilt.




https://tv.nrk.no/serie/selskapet/2015/MKTF72001415/avspiller

# Livet må ha nåkka meir

Magnus Eliassen

Æ ser for sjelden på skyan
la vinden vis mæ kor pusten bær
søk ly blant husan i byan
livet må ha nåkka mer å kunne by på enn det

Sola står opp når æ legg mæ
noen e på vei på jobb og æ e ikke kommet mæ i seng
trekk fra gardinan og vekk mæ
livet må ha nåkka mer å kunne by på enn det

Himmelske hellige trespann
la natta vis mæ kor lyset e
siste opprop for Flesland
livet må ha nåkka mer å kunne by på enn det

Sjekk inn og vent nede i lobbyen
sjekk ut uteliv, sjekk opp noen som e verdt å ha med hjem
han som gjor jobb ut av hobbyen
livet må ha nåkka mer å kunne by på enn det

Og va det pengan det skorta på, eller gjenstanda og frihet
og va det vennan æ telte på, eller meining og tilhørighet
så kunne æ vel ha valgt mæ en litt anna vei
med asfalt, trafikklys, lang, strak og brei
men livet må ha nåkka mer
ja, livet må ha nåkka mer
livet må ha nåkka mer å kunne by på enn det

# Lyrikk

«Dei har forstått at menneske ikkje lever berre av brød, men også av nynorsk lyrikk»

# Spørsmål om sanning og formidling

Kom ikkje med heile sanningi,
kom ikkje med havet for min torste,
kom ikkje med himmelen når eg bed um ljos,
men kom med ein glimt, ei dogg, eit fjom,
slik fuglane ber med seg vassdropar frå lauget
og vinden eit korn av salt.

Olav H. Hauge

## Jeg holder ditt hode

Jeg holder ditt hode
i mine hender, som du holder
mitt hjerte i din ømhet,
slik allting holder og blir
holdt av noe annet enn seg selv
Slik havet løfter en sten
til sine strender, slik treet
holder høstens modne frukter, slik
kloden løftes gjennom kloders rom
Slik holdes vi begge av noe og løftes
dit gåte holder gåte i sin hånd

Stein Mehren (1935-2017)

| Momenter i analysen | Analyse av diktet «Jeg holder ditt hode» av Stein Mehren |
| --- | --- |
| Presentasjon av teksten | |
| Motiv | |
| Komposisjon | |
| Språk | |
| Verkemiddel | |
| Tema | |
| Virkelighetsforståelse | |

# Menneskeverd

**Djup til djup**

Legg øyret inntil.
Han er mjuk, denne konkylien.
Er det havet vi høyrer?
Er det ettervarmen frå dei som forsvann i vatnet
som framleis vibrerer?

Fosteret forsnakkar seg på vegner av oss alle:
*Vi er veike og vektlause og sanselaust sårbare.*
Mjuke,
som melodiar frå lundar med lauvtre, som mosen der. Men
ute i lyset, oppe på to,
med råsterk ryggrad,
høge og handlekraftige,
skålar vi for den sterkaste,
vitnar for hennar versjon.

Fosteret funklar som eit minste menneskeleg multiplum.
For noko deler vi, trass alt.
Vi dukka ein gong fram frå eit djup, like forsvarslause
mot livet som mot døden.
Vi kom frå eit djup som ropa til eit anna djup.
Var vi sjølve det ropet?

Fosteret formulerer med krum kropp
dei lange linjene,
heilt inn i livstreet går dei vel.
Mellom linjene les vi av vårt eige liv,
eit uregjerleg og uavslutta partitur.

Fosteret fektar eit teiknspråk alle forstår.
Vi har det i oss, vel?
Kvifor har vi elles lover for freding
av fjellvalmue, flaggermus frø og fuglereir?
Kvifor krummar vi elles hendene varsamt
rundt alt slikt som treng vern?
*Vi har det i oss*.
Det dirrar i oss når vi kjem til oss sjølve.

Fosteret fingrar festningsverka våre ut av stilling;
*det heiter ikkje eg no lenger, heretter heiter det vi*.
Ein trojansk fole
sendt til vårt inste som vern for alt mjukt, men
ute i lyset, oppe på to
ofrar vi oss for orda og slamrar med sjølvråderetten,
veldige og verbale tårnar vi oss opp over tilveret.

Legg øyret inntil, no.
Heller ikkje denne konkylien
ber bruset frå botnlause hav,
han berre opnar øyret for det vi alt høyrer
kring oss, kviskringa frå
kongedømet
der kvar liten forsvunnen vert funnen att
og kledd og krona.

# Døden

## SÅ STIG DA I MEG, EINSEMD

Så stig da i meg, einsemd,
storm mitt jordlivs siste skanse
og øyd min tæringsdraum om lykke her.
Du avgrunnssvimre jord,
ver du ei onnor verd,
gjev all din løyndom
i denne gjennomlyste morgonstund,
i denne timen føre dødsens store dag
når einsemdrøyster ropar meg attende
til atterføding or ein annan grunn.

No stormar all mi einsemd mot si grense.
Mitt liv var draum forutan dagklår visse,
og difor eig eg ikkje jorda meir –
Men livet skal eg aldri, aldri misse –

## Kristus

*Der du faller inn i natten, stjernevarslet*

*og er glemt av alt, der all erindring*

*løses opp i sine minner*

*og barndom fosser inn i denne sprukne båt*

*av alderdom som synker under deg*

*Der henger Kristus*

*strålende i sin klage av lys: Herre*

*forlat meg ikke, sier stemmen*

*Også han, i dødens strie brede strøm*

*for at ditt liv skal dø en himmel frem*

**- Stein Mehren**

## Skyggen min

Skyggen min, ser du den?
Skyggen er en trofast venn.
Det er godt å vite det:
Skyggen den er alltid med.
Gud har sagt i sitt ord:
Jeg er skyggen din på jord.
Det er godt å vite at
han er med meg dag og natt.
Selv om jeg ikke ser
skyggen min, så er den der.
Sommer, vintner, høst og vår
Jesus sammen med meg går.
Jeg er trygg, jeg er glad,
tra-la-la-la-la-la-la.
Solen skinner, jeg kan se
skyggen min at den er med.

**(Haldis Reigstad, frå diktsamlinga *Jordbærhagen*)**

# Lyrikk som del av morgonandakter

**Borni leikar**

Borni leikar med krusbrot.
Brot av ei skål dei fann,
gled dei meir enn den heile
gledde sin eigarmann.

Ein bete med blåe rosor,
eit lite krystall-blankt skard
vert i deira augo
til noko meir enn dei var.

På brot av mitt knuste liv
fann eg ei line mjuk.
Men kva pottemakaren meinte,
det finn eg aldri ut.

Olav H. Hauge, Frå ”Under bergfallet” 1951.

# Utvalskriterium lyrikk

- Treng ikkje kome med «heile sanninga». Unngå mini-dogmatikkar m/u enderim. Må gje rom for utforsking, skattejakt og sjølvstendig refleksjon.

- Finn ontologiske eller eksistensielle møtepunkt. Evnar diktet/teksten å aksentuere tema i kristen tru og liv? Kan vere nok med eit korn, ein dogg, eit fjom, men og eit ropande metafysisk fråvær.

- Kveiker teksten læraren sitt personlege engasjement?

# Nokre lesetips for lærarar







«Hva skjer når livet sekulariseres?»

«*Hva skjer* i kulturen *når forestillingen om Gud* forvitrer?»


Tre
FLORENTINARAR
Essay og artiklar om religion, kultur og samfunn
ARNFINN HARAM
Forord av Jon Michelet


Jan Inge Sørbø
Essay om
Teologi & litteratur

# Inspirasjonskjelder/bokanbefalingar


- Haram, Arnfinn: *Tre florentinarar. Essays og artiklar om religion, kultur og samfunn 2003-2009* (2009), Efrem forlag, Oslo
- Malm, Magnus: *Som om Gud ikkje finnes. Kva skjer når livet sekulariseres? (2015), Vårt Land Forlag, Oslo*
- Oftestad, Eivor: Artiklar og essay i Dag og Tid dei siste åra.
- Sørbø, Jan Inge: *Essay om teologi og litteratur. (1994)*
- Valen-Sendstad, Aksel: *Troens fundamenter, dogmatiske hovedspørsmål i lys av bibelsk ontologi.(1996) Kolon forlag, Århus*
- Valen-Sendstad, Olav: Virkelighet og virkelighetsforståelse, dr.avh. UIO, (1948)